

**miljøpartiet  
de grønne**

**haram**

**PROGRAM  
2015-2019**

# TENK NYTT – STEM GRØNT!

Grøn politikk er basert på rettferd og likskap for alle menneske, både for oss som lever i dag og for framtidige generasjonar. Målet er eit økologisk og sosialt berekraftig samfunn, slik at vi ikkje overlèt urimelige kostnader til etterkomarane våre. Eit slikt samfunn vil krevje både nye tankar om økonomisk framgang og ny teknologi.

## Bakgrunn

Miljøpartiet Dei Grøne (MDG) i Noreg har stilt til val ved alle lokal- og stortingsval sidan 1987, og stiller no for første gang liste i Haram. Vi meiner politikken treng alternativ til den tradisjonelle høgre/venstre-tankegangen, og at politisk kultur ikkje skal styrast av tradisjon, men av tydelege verdival, innsikt og realisme!

## Globale utfordringar

Dei største utfordringane me står framom i vår tid er globale – og dei er samansette! Miljøspørsmål, naturvernspørsmål og spørsmål om korleis vi skal forvalte ressursane våre på beste måte må setjast høgt på agendaen, og MDG vil ta ansvar i ein omfattande global dugnad.

I Noreg er vi i ei internasjonal særstilling når det gjeld materiell rikdom. Likevel er det mange nordmenn som ikkje opplever livet som godt. MDG ynskjer å trekkje fram sider ved livet som gir livskvalitet utan stort materielt forbruk, i tillegg til å bremse den aukande forskjellen mellom rik og fattig. I eit ope og frisinna samfunn med rom for mangfald og individuelle livsutfalding med høve til demokratisk deltaking, kan ikkje den enkelte reduserast til «brukar» eller «forbrukar», og den politiske debatten kan ikkje reduserast til eit spørsmål om «privat» eller «offentleg» løysing. MDG ynskjer ein diskusjon om korleis vi kan ta vare på vår felles arv: natur, kultur og demokrati.

## Kvifor Dei Grøne?

Vår lokalpolitikk skal støtte berekraftig nasjonal og global politikk – og til tider kome med korrektiv. Våre veljarar trur ikkje på det perfekte, men ser nytten av å utvide det politiske landskapet og å stille spørsmål til vedtekne sanningar som legg band på dagens politikkarar.

Vårt mål er eit medmenneskeleg og inkluderande samfunn i økologisk balanse – eit samfunn med økonomisk, økologisk og sosial berekraft. For å byggje eit slikt samfunn treng vi livskraftige lokalsamfunn og nytenking.

Vi legg ikkje skjul på at politikk er utfordrande. Lokal politikk handlar om å prioritere, men der andre parti kjem med himmelhøge løfter for å stadig auke velstanden, vil Miljøpartiet Dei Grøne kjempe for å ta vare på jorda og mangfaldet.

## MANGFALD I POLITIKKEN – LYTT TIL INNBYGGARANE!

Dei Grøne vil gi lokaldemokratiet større armslag, og gi innbyggjarane i Haram meir påverknad på dei sakane som vert avgjorde lokalt.

### Miljøpartiet Dei Grøne vil:

- Bruke lokale folkeavstemmingar i prinsipielt viktige saker.
- Gi auka støtte til frivillige organisasjonar gjennom å betre promoteringa og samarbeidet.
- At kommunen skal bruke internett meir systematisk til å informere, og i tillegg hente inn forslag og meiningar frå innbyggjarane.

## MANGFALD I NATUREN – FOR FRAMTIDA

Dei Grøne ser det som avgjerande å ta vare på naturmangfaldet, både fordi det har verdi for oss menneske og fordi naturen har ein eigenverdi.

### Miljøpartiet Dei Grøne vil:

- Styrke jordvernet i all planlegging.
- Auke kildesorteringa ved innsamling av matavfall.
- At kommunen skal ha fokus på at energiforbruket må reduserast. Til dømes omlegging til miljøvenleg kommunal bilpark.
- Synleggjere eksisterande miljøordningar, som t.d. rabatt for dei som komposterer.
- Verne strandsona.
- Prioritere økologisk, *fairtrade* og svanemerka alternativ i innkjøp i kommunen.

## MANGFALD I NÆRINGSLIVET – KREATIVITET OG NYSKAPING

Livskraftige lokalsamfunn treng livskraftig næringsliv. Miljøpartiet Dei Grøne ynskjer å leggje til rette for berekraftige og miljøvenlege arbeidsplassar i nærmiljøet. Den Maritime næringen er, og vil fortsette å vere, ein berebjelke i kommunen. Vi ynskjer at denne næringen skal få muligheita til å vere en spydspiss i framtidens grønne næringer. Miljøvenleg og kostnadseffektiv går svært ofte hand i hand.

### Miljøpartiet Dei Grøne vil:

- Ha eit godt samarbeid med det lokale næringslivet, samt støtte gründerar og nyskaping.
- Styrke yrkesfag med moderne verktøy for å kunne leggje til rette for framtidens innovative bedrifter.
- Legge til rette for at det gode samarbeidet mellom skulen og det lokale næringslivet skal fortsette.
- Jobbe for at matproduksjon skal vere ei næring for framtida, med økologisk berekraft i grunn.
- Jobbe for at noverande og framtidige industriområder planleggjast med tanke på miljø og effektivitet.
- Jobbe for fiskeoppdrett i lukka anlegg.
- Ha søndagsstengde butikkar.

## MANGFALD I SKULEN – HEILSKAPLEG TANKEGANG

Vi meiner at skulen er ein viktig arena for å styrke fellesskap på tvers av bakgrunn og livssyn. Vi ønsker ein skule som set eleven i sentrum, og hjelper dei å utvikle seg til heilskaplege menneske. Dette blir skildra i den generelle delen av læreplanen: Skulen skal utvikle barn og unge til meiningsøkjande, skapande, arbeidande, allmenndanna, samarbeidande, miljømedvitne, integrerte menneske.

### Miljøpartiet Dei Grøne vil:

- Ha mobilfrie skular.
- Styrke symjetilbodet i grunnskulen.
- Ruste opp uteområda på skulane.
- At alle skulane skal ha tilgang på eigen skulehage for dyrking av frukt og grønt.

## EIT SUNT MANGFALD – FOR STORE OG SMÅ

Førebyggjande helsearbeid legg grunnlaget for god helse livet ut. Dei grøne ynskjer å leggje til rette for friluftsliv, fysisk aktivitet og eit sunt kosthald.

### Miljøpartiet Dei Grøne vil:

- Auke mangfaldet av aktivitetar for born og unge, gjennom å gi støtte til dei som vil starte opp nye tilbod.
- Ta vare på fjell- og turstiar, og leggje til rette for at folk skal kunne nyte naturen i kommunen.
- Støtte opp om dugnadar og initiativ i kommunen, som t.d. rydding og vedlikehald av lokalmiljø. Dette er også sosiale møteplassar som er opne for alle.
- Sørge for at gang- og sykkelvegar er tilgjengelig der folk ferdes, og då spesielt barn. Til dømes Engeset-Uggedalen.
- Vere pådrivar for å utvikle andelslandbruk der innbyggjarar kan gå saman og dyrke frukt og grønt.

## MANGFALD I KULTUREN – EIT FRITT OG AKTIVT KULTURLIV

Dei Grøne meiner fellesskapen aktivt skal støtte kultur og idrett. Vi ynskjer eit kulturliv som i seg sjølv er fritt og uavhengig, og at kulturpolitikken tek sikte på å hindre einsretting.

### Miljøpartiet Dei Grøne vil:

- Oppretthalde kulturskulen.
- Oppretthalde alle filialane til Haram folkebibliotek, og auke grunnstøtta til utlånsmateriell
- Støtte gode tiltak, slik som Frivillighetssentralen.
- Skape alternative møteplassar, i tillegg til organiserte aktivitetar, i samarbeid med dei unge.

## HARAM I FRAMTIDA

I Haram er vi så heldige å ha mange vakre stader med natur som i framtida kan være meir verdifullt enn vi anar. Dette må vi ta vare på og byggje vidare på.

Vi kan stå framføre store endringar i den neste perioden. Innan samferdsel er Nordøyvegen og Hamnsundsambandet viktige saker, og også kommunestrukturen er til diskusjon.

### Miljøpartiet Dei Grøne vil:

- Ta vare på miljøet og skape eit berekraftig lokalmiljø og levande bygder.
- At samanslåing av kommunar må avgjerast lokalt, og ikkje gå utover eit levande engasjement i lokalpolitikken.
- Jobbe for eit medmenneskeleg og inkluderande lokalsamfunn der vi kan gi vidare eit leveleg og verdifullt livsgrunnlag til neste generasjon.
- Sikre at gode kollektivmuligheiter er klare frå første dag ved nye vegsamband.
- Verne viktig matjord eller verdifulle naturområder mot store utbyggingar.



Tenk grønt – stem nytt

Godt val!

